



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Møre og Romsdal fylkeskommune
Postboks 2500
6404 MOLDE

Dykkar ref

Vår ref
19/5866-5

Dato
11. desember 2019

Kompensasjon for feil i berekningsgrunnlag for midlar til tunnelsikkerheit

Vi viser til brevet dykkar av 26. november til Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet, der de viser til ein feil i berekningsgrunnlaget for fordelinga av kompensasjonen for tunnelsikkerheitsforskrifta for 2020. I brevet ber de om å få tildelt kompensasjon for iverksetjing av forskrifta i tråd med reelt innmeldt behov.

Samferdselsdepartementet og Statens vegvesen har sett nærare på saka, og stadfestar at det er ein feil i berekningsgrunnlaget for Møre og Romsdal. Ifølgje Samferdselsdepartementet skulle Møre og Romsdal fått 70,833 mill. kroner i kompensasjon for 2020, viss det hadde blitt lagt til grunn riktig berekningsgrunnlag.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har vurdert førespurnaden om kompensasjon, og vedtatt å kompensere fylkeskommunen fullt ut for feilen som er gjort. Kompensasjonen vil bli betalt ut som ein del av skjønnskottet til fylkeskommunane (kap. 572, post 64). Det meste av kompensasjonen vil bli betalt ut i desember 2019, mens det resterande beløpet vil bli betalt ut i januar 2020.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)
underdirektør

Lars Tore Rydland
seniorrådgjevar

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar
Lars Tore Rydland
22 24 68 80

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Samferdselsdepartementet